



Vidar Kolstad
Nedre Alver 23
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2661 - 18/27645

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
10.09.2018

Løyve til arealoverføring - gbnr 137/146 Alver

Administrativt vedtak: Saknr: 476/18

Heimelshavar: Vidar Kolstad

Søknadstype: Søknad om arealoverføring, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m og 20-2, jf. § 20-4, bokstav d.

Saksutgreiing

Tiltak

Saka gjeld søknad om arealoverføring ved frådelling av om lag 250 m² frå gbnr. 137/146 til gbnr 137/360. Arealet skal nyttast til hage.

Det vert elles vist til søknad motteken 03.09.2018.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var klar for handsaming den 03.09.2018 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. forskrift om byggesak § 7-2 er 3veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som bustad. Det er ikkje konflikt med byggegrense mot sjø.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla. Lindås kommune er nabo på begge sider, og vert varsla om kartforretning av Geodataavdelinga.

Plassering

Plassering av tiltaket er synt i situasjonsplan motteken 03.09.2018.

Vatn og avløp (VA)

Ingen endringar

Tilkomst, avkøyrsløp og parkering

Ingen endringar.

VURDERING:

Naturmangfaldlova

Arealet ligg midt inne i eit utbygd bustadområde. Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Vurdering av pbl § 26-1

Oppretting eller endring grunneigedom er eit søknadspiktig tiltak etter pbl § 20-2, jf pbl § 20-1 første ledd bokstav m). Det føl vidare av pbl § 26-1 at oppretting/endring av eigedom ikkje må skje på ein slik måte at det oppstår forhold i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan, eller slik at det vert oppretta tomtar som ikkje er eigna til bebyggelse på grunn av storleik, form eller plassering.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det er synt i situasjonsplan motteken 03.09.2018.

Konklusjon

Kommunen gjev løyve til arealoverføring på om lag 250 m² frå gbnr 137/146 til gbnr 137/360.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til arealoverføring på om lag 250 m² frå gbnr 137/146 til gbnr 137/360 i samsvar med søknad.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering jf. pbl § 21-9.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen

er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Oppmåling

Saka vert oversendt Geodataavdelinga. Sakshandsamingsfrist er 16 veker, jf. matrikkelforskrifta § 18.

Fristen vert forlenga med den tida som går med til tinglysing og eventuell supplering av opplysingar frå rekvirenten. Kommunestyret har vedteke at tida 01.12-31.03. er vintersesong. Kommunen og rekvirenten kan avtale lengre frist, men ikkje lengre enn 2 år, jf. matrikkellova § 35.

Til orientering

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr. **18/661**

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Håvard Johan Kolstad Nedre Alver 21 5911 ALVERSUND

Mottakarar:

Vidar Kolstad Nedre Alver 23 5911 ALVERSUND